



**Utval:** Ungdommens fylkesutval  
**Møtestad:** Fylkesutvalssalen 3. etg, Fylkeshuset  
**Dato:** 17.09.2014  
**Tidspunkt:** 16:00-20:05

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Gard Johanson	Nestleiar	
Cecilie Engen Fredheim	Medlem	
Benedicte Hellestveit	Medlem	
Vegard Kleppe	Medlem	
Agnes H. Bernes	Leiar	

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Hedda Emilie Hidle	Medlem	
Olve Akselsen	Varamedlem	
Emma Franck-Gwinnell	Varamedlem	
Stine Hegdal	Varamedlem	

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

---

**Merknader**

---

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Birthe Haugen	Seksjonsleiar fellestenester – skule, opplæringsavdelinga
Ingeborg Borgen Takle	Rådgevar, organisasjonsavdelinga

**Sakliste**

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 68/14	Godkjenning av innkalling		
PS 69/14	Godkjenning av sakliste		
PS 70/14	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 71/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 46/14	Oversikt økonomi - per 090914	2014/560	
RS 47/14	Ungdommens planprogram - framdrift per 090914	2014/560	
RS 48/14	Oversikt ungdomsråd - oppdatert per 090914	2014/560	
RS 49/14	Oversikt over større saker til politisk behandling hausten 2014 - pr. august	2014/1527	
RS 50/14	Utale til regional plan for attraktive senter - Ungdommens fylkesutval	2014/560	
RS 51/14	Invitasjon til Skulestartkonferansen i regi av opplæringsavdelinga	2014/560	
RS 52/14	Førespurnad om å halde innlegg på Ungdommens fylkesting Hordaland 7. eller 13. februar 2015	2014/560	
PS 72/14	Transportordninga for funksjonshemma - endring av retningslinjer	2014/13048	
PS 73/14	Nettverkssamling 2014 - 25.-26. oktober	2014/560	
PS 74/14	Gjennomgang av vedtektene til Ungdommens fylkesting	2014/560	
PS 75/14	Barne- og ungdomskonferansen 2014 - deltaking	2014/560	
PS 76/14	Flytting av møtet 271014	2014/560	
PS 77/14	Budsjett 2015 for Ungdommens fylkesting - ønskjer	2014/560	
PS 78/14	Ymse		

## **PS 68/14 Godkjenning av innkalling**

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 17.09.2014**

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval godkjente innkallinga.

## **PS 69/14 Godkjenning av sakliste**

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 17.09.2014**

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval godkjente saklista.

## **PS 70/14 Godkjenning av møtebok frå forrige møte**

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 17.09.2014**

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval godkjente møteprotokoll frå 29.08.14.

## **PS 71/14 Referatsaker (Meldingar)**

**Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 17.09.2014**

### **Vedtak**

*RS 48/14 Oversikt over ungdomsråd – oppdatert per 090914:* Ungdommens fylkesutval er usikker på kor godt fadderordninga fungerer og ønskjer å evaluere både namn og praksis for ordninga på første rådsmøte etter Nettverkssamlinga 2014. Ungdommens fylkesutval vedtek derfor at UR+UFU=SANT vert satt opp som ein sak på neste rådsmøte.

*RS 49/14 Oversikt over større saker til politisk behandling hausten 2014 – pr august:* Ungdommens fylkesutval vedtek å følgje opp desse sakane slik:

- Cruisestrategi for Vestlandet (VR27/11): Be regionalavdelinga om ein kort skriftleg orientering om kva denne strategien handlar om og konsekvensane for målgruppa til utvalet.
- Takst- og rabattreglement inklusiv 1 sone gjennomføring: Sende følgjande uttale til fylkesutvalet: «Ungdommens fylkesutval har følgd denne saka med interesse og er i utgangspunktet særst positive til at det vert billigare å reise langt i Hordaland med kollektivtrafikken. I Ungdommens planprogram finn ein følgjande punkt: «*Hordaland fylkeskommune må arbeide for å gjere kollektivtransport meir attraktiv for ungdom.*». På bakgrunn av å gjere kollektivtilbodet meir attraktivt meiner Ungdommens fylkesutval at ein sone i Hordaland er eit tilbod som vil kunne oppnå nett dette.

Når det er sagt er Ungdommens fylkesutval uroa for auka i prisen til UngSkyss frå 310 kr til potensielt 350 kr. Utvalet er uroa for at ein slik auke vil kunne påverke sosiale skillar i ein negativ retning, samt at det kan innskrenke aktivitetstilbodet til ein gruppe som ikkje på eige hand kan velje andre transportmidlar. Ungdommens fylkesutval ønskjer derfor å oppmoda fylkesutvalet til å oppretthalde vedtaket sitt frå fylkestinget i juni om ein sone i kollektivtrafikken i Hordaland, men å sjå til at prisa for UngSkyss ikkje vert auka over noverande nivå.»

*RS 51/14 Invitasjon til Skulestartkonferansen i regi av opplæringsavdelinga:* Det vart tidlegare vedteke at Gard Johanson skulle delta på denne konferansen for å introdusere Elevrådshandboka. Dersom han ikkje kan delta vil Agnes Bernes stille i staden. Vegard Kleppe, leiar for Opplæring og helse, vil og delta. Administrasjonen skal be om at Ungdommens fylkesutval får nokre minuttar til å introdusere Elevrådshandboka på arrangementet.

**RS 46/14 Oversikt økonomi - per 090914**

**RS 47/14 Ungdommens planprogram - framdrift per 090914**

**RS 48/14 Oversikt ungdomsråd - oppdatert per 090914**

**RS 49/14 Oversikt over større saker til politisk behandling hausten 2014 - pr. august**

**RS 50/14 Utale til regional plan for attraktive senter - Ungdommens fylkesutval**

**RS 51/14 Invitasjon til Skulestartkonferansen i regi av opplæringsavdelinga**

**RS 52/14 Førespurnad om å halde innlegg på Ungdommens fylkesting Hordaland 7. eller 13. februar 2015**

## **PS 72/14 Transportordninga for funksjonshemma - endring av retningslinjer**

### **Forslag til vedtak**

Fylkesutvalet godkjenner forslag til nye retningslinjene for TT-ordninga i Hordaland, datert 23. mai 2014.  
**Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 20.08.2014**

**Stein Inge Ryssdal** sette fram forslag om å utsetja saka, og grunngav det med at den burde sendast på høyring hjå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdommens fylkesutval.

### **Røysting**

Forslaget om utsetjing vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

Saka vert utsett.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.08.2014**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

Saka vert utsett.

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.09.2014**

### **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne set pris på å få saka lagt føre seg før politisk handsaming i samferdselsutvalet sidan målgruppa til rådet er store brukarar av ordninga.

Rådet vil igjen nytte moglegheita til å rose administrasjonen for godt gjennomført arbeid, og er særskilt nøgd for at det nå er mogleg å få livsvarig godkjenning, samt at det vert lettare for menneske med psykiske lidingar å nytte seg at ordninga.

Når det er sagt har rådet slike innspel til saka:

Det vert i saka presentert ein maksgrense på brukarar i ein kommune til 3,4% av innbyggerane. Rådet meiner ordninga bør vere basert på trong, ikkje eit makstak. Dersom det er naudsynt med eit makstak meiner rådet at dette bør vere på fylkeskommunalt nivå, ikkje kommunalt, da ordninga er fylkeskommunal. I nokre kommunar er det kø for å kome inn i ordninga, mens det i andre kommunar verkar å vere plass, noko som gjerne vert avgjort av demografi og geografi.

Rådet ønskjer derfor å fremje at makstaket vert fjerna, men dersom det er naudsynt med eit makstak ønskjer rådet å fremje at dette gjeld på fylkeskommunalt nivå, ikkje kommunalt.

Når det gjeld satsane i ordninga er ikkje desse endra nemneverdig dei siste åra. Rådet ser på det som naturleg at desse vert auka for å unngå at ordninga i prinsipp vert innskrenka.

Rådet ønskjer derfor å fremje at satsane vert indeksregulert.

Rådet er elles veldig nøgd med arbeidet som er gjort og ser fram imot til at endringane trer i kraft.

## **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 17.09.2014**

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek å stille seg bak rådet for menneske med nedsett funksjonsevne si uttale i PS 72/14 Transportordninga for funksjonshemma – endring av retningslinjer.

## **PS 73/14 Nettverkssamling 2014 - 25.-26. oktober**

### **Forslag til avgjerd**

Ungdommens fylkesutval vedtek at:

1. Disse medlemene vert det bestilt hotellrom til frå fredag til søndag:
2. Endeleg program for Nettverkssamlinga 2014 vert slik:
3. Dette treng vi til gjennomføringa av Nettverkssamlinga 2014:

## **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 17.09.2014**

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek at:

1. Disse medlemene vert det bestilt hotellrom til frå fredag til søndag: Cecilie Fredheim, Vegard Kleppe, Hedda Hidle, Stine Hegdal, Agnes Bernes, Gard Johanson, Benedicte Hellestveit, Olve Akselsen.
2. Endeleg program for Nettverkssamlinga 2014 vert slik det vart førelagt i saka.
3. Dette treng vi til gjennomføringa av Nettverkssamlinga 2014: Roll-ups frå HFK, plakatar med visjon og verdiar, plakatar (A2) til brainstorming, tusjar, namnelappar (klistremerkar) for begge dagane, gåve til Mona Haugland Hellesnes (t-skjorte og blome), trykka opp program, oversikt deltakarar med kontakinformasjon, Ungdommens planprogram, oversikt ungdomsråd (minus kommentarfelt). I tillegg ønskjer Ungdommens fylkesutval at salen vert satt opp i fiskebein og at minibar vert tømd eller låst.

## **PS 74/14 Gjennomgang av vedtektene til Ungdommens fylkesting**

### **Forslag til avgjerd**

Saka vert lagt fram utan tilråing.

## **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 29.08.2014**

Det vart diskutert litt rundt namneendring av desisjonskomiteen til kontrollkomité eller kontrollnemnd. Det vart undersøkt litt i korleis andre organisasjonar har vedtektene sine, og me observerte at i dei fleste organisasjonar så har redaksjonskomiteen voteringsorden, og i tillegg at ein må ha 2/3 fleirtal for vedtektsendringar i dei fleste organisasjonar. Det vart og diskutert om måla i Ungdommens planprogram burde gjelde for eit eller to år, og det var litt ueinigheiter, men fleirtalet var for eit år i staden for to. På saka om ein representant frå ein kommune bør ha tilknytning til kommunen, så var dei einigheit om at det står ganske tydelig i vedtektene frå før at ein representant skal ha det. Ungdommens fylkesutval vart einige om å ikkje gjere noko vedtak i denne saken og utsette denne posten til neste møte. Dette er grunna lite oppmøte på helgemøte og me meiner heile Ungdommens fylkesutval bør få sagt si meining i noko så viktig som vedtektene.

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek å utsette saka til neste rådsmøte.

## **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 17.09.2014**

### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval ber administrasjonen sjå på alternativ til vedtektene som gjeld og kome med forslag til neste møte:

- Redaksjonskomite: kva skal denne gjere, særskilt i samband med voteringsorden?
- 2/3 fleirtal ved endringsforslag: korleis kan det verte inkorporert?
- Ungdommens planprogram: skal denne inn i vedtektene, og med kor mykje; visjon, verdiar, mål, tiltak, satsingsområdar? Kan ein fremja eit nytt forslag til heile Ungdommens planprogram eller må kvart mål fremjast frå talarstolen?
- Må ein representant frå ein kommune vere tilknytt kommunen?
- §5: Er den hensiktsmessig?
- Desisjonskomite vs kontrollkomite? Ansvar under året og under UFT.

## **PS 75/14 Barne- og ungdomskonferansen 2014 - deltaking**

### **Forslag til avgjerd**

Ungdommens fylkesutval vedtek at Cecilie Fredheim og Benedicte Hellestveit for tilbod om å delta på Barne- og ungdomskonferansen i Kongsberg, og da ikkje deltek på Nasjonal oppvekstkonferanse i Tromsø.

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 17.09.2014**

#### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek at Benedicte Hellestveit deltek på Barne- og ungdomskonferansen i Kongsberg, og da ikkje deltek på Nasjonal oppvekstkonferanse i Tromsø. Cecilie Fredheim har dessverre ikkje moglegheit til å delta på desse konferansane.

## **PS 76/14 Flytting av møtet 271014**

### **Forslag avgjerd**

Ungdommens fylkesutval vedtek å flytte møtet 27. oktober til slik dato:

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 17.09.2014**

#### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek å flytte møtet 27. oktober til 4. november.

På dette møtet ønskjer Ungdommens fylkesutval ein generell orientering om budsjettet for 2015. I tillegg ønskjer dei følgjande sakar på sakslista:

- Evaluering Nettverkssamling 2014
- Orientering frå Ungdommens fylkesting i Sør-Trøndelag
- Vedtekter for Ungdommens fylkesting
- Møte med fylkesordførar
- Møte med kommunikasjonsavdelinga

## **PS 77/14 Budsjett 2015 for Ungdommens fylkesting - ønskjer**

### **Forslag til avgjerd**

Saka vert lagt fram utan tilråing.

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 17.09.2014**

#### **Vedtak**

Ungdommens fylkesutval vedtek å sende følgjande til økonomiavdelinga i samband med budsjett for Ungdommens fylkesting 2015:

Ungdommens fylkesting har vore snart to år under Hordaland fylkeskommune og byrjar å sjå kva økonomiske ramar det er naturleg at eit slikt organ har til rådighet innafor den nye strukturen. Vi ser at Ungdommens fylkesting på nokre områdar har fått meir midlar da løn til sekretariat nå er teken ut frå vårt budsjett. På andre sida har vi og fått ein auke i aktivitet under fylkeskommunen. Dette er ein positiv auke som vi har jobba for å få til, men det krev noko meir av dei økonomiske ressursane. I tillegg er vi nå bunde av fylkeskommunale avtalar som er dyrare enn det vi tidlegare har vore vane til, noko som og krev meir økonomisk. Det betyr at summen på 230 000 kr er noko stram for aktivitetsnivået i inneverande år.

Nytt for 2015 er at Ungdommens fylkesutval ønskjer å arrangere eit Ungdommens fylkesting som varar over tre dagar, til skilnad frå over to som har vore standard tidlegare. Ein slik organisering liknar det andre fylkar gjer, samt at det vil føre til ein mykje betre prosess på fylkestinget der ein ikkje har så mykje hastverk og der deltakarane kan få betre innføring i kva som ventar dei. Resultatet vil vere betre politikk og eit betre Ungdommens planprogram for Ungdommens fylkesutval å styre etter i året som kjem. Det har vore praksis at deltakarane betalar ein eigenandel som og i 2015 vil dekke det meste av kostnadane, men Ungdommens fylkesting har subsidiert noko.

I Ungdommens planprogram for 2014 står:

*«Medverknadsorgan for ungdom skal lovfestast på kommunalt, fylkeskommunalt og nasjonalt nivå. Gjennom desse organa skal ungdom ha reell innflytelse. Dei tre nivåa skal med utgangspunkt i ungdomsrådskanalen henge saman og byggje på kvarandre. Medverknadsorganana på fylkeskommunalt og nasjonalt nivå skal velje eit arbeidsutval som skal arbeide gjennom året. Retningslinjene skal utarbeidast i samarbeid med ungdom.*

- *UFU skal arbeide aktivt, og helst saman med andre fylkeskommunale medverknadsorgan, for å fremje saka.*
- *UFU vil vere ein bidragsytar for å vere med å utarbeide retningslinjer for medverknadsorganana.»*

I samband med dette punktet har Ungdommens fylkesutval vore i kontakt med andre fylkar og det vert sett saman ein arbeidsgruppe for å arbeide fram eit forslag til nasjonalt medverknadsorgan der Hordaland vil ha ein representant. Reisekostnadar til ein slik arbeidsgruppe vil derfor kome i tillegg til det budsjettet som ligg til grunn nå.

Da vi elles reknar med å ha same aktivitetsnivå i 2015 som i 2014 ser vi trong for eit auka budsjett og vil derfor be økonomiavdelinga om å auke summen til Ungdommens fylkesutval med 40 000 kr, slik at den vert 270 000 kr totalt.

Vi ønskjer til sist å vise til at dei to andre medverknadsorganana har budsjett på 325 000 kr og 400 000 kr, sjølv om aktivitetsnivået antakeleg er mykje det same, og håpar å få velvilje for ein auking.

## **PS 78/14 Ymse**

### **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 17.09.2014**

#### **Vedtak**

Ungdommens planprogram: Det vart vist til ein skrivefeil i Ungdommens planprogram der ein seier at fråfallet skal senkast til 15% under mål, men der det står 20% under tiltak.